

Det Kongelige Barne- og familiedepartem.
Postboks 8036

0030 OSLO

330.01

3



FITJAR

2005/02756

116

Administrativt vedtak

Dykkar ref: Journal nr: Sakshandsamar: Arkivkode: Dato:
4614/05 110 A10 17.11.2005

Utvalg: Utval for oppvekst og omsorg
Saksnr.: 105/05

Høyringsuttale om forslag til forskrifter ny barnehagelov

Samandrag:

Det kongelege barne- og familiedepartement har sendt ut på høyring eit forslag om forskrifter til ny barnehagelov.

Saksopplysningar:

Departementet har sett på dei eksisterande forskriftene med tanke på kvalitet, brukarvenlegheit og forenkling. I lovforslaget er det fastsett at det skal vere utdanningskrav til styrar og pedagogisk leiar, og det skal framleis vere høve til å søkje dispensasjon. Det er fastsett at det er kommunen som skal ha mynde til å innvilge både mellombels og varige dispensasjonar. Norma for pedagogisk bemanning er føreslått vidareført med ein pedagogisk leiar per 14-18 barn når borna er over tre år og ein pedagogisk leiar per 7-9 barn når borna er under tre år. Styrar si tid til administrasjon og leing skal kome i tillegg til norma for pedagogisk bemanning.

Det vert forslått forskrift om sakshandsamingsreglar for opptak i barnehage. Formålet er å sikre at opptak skjer på ein måte som ivaretek søkjaren si rettsikkerheit og ei forsvarleg og effektiv sakshandsaming. Ved hovudopptaket skal alle søkjarar varslast skriftleg om og i kva barnehage dei har fått tilbod om plass. Dei skal orienterast om retten til etterfølgjande grunngjeving for avgjerdsla, dersom dei ikkje har fått plass. I tillegg skal det orienterast om retten til å klage ved avslag på søknad om barnehageplass, og retten til å klage dersom søkjar ikkje har fått sitt første ynskje innvilga. Kommune skal handsame klagen og kommunen sitt klageorgan er klageinstans.

Vurdering:

I Fitjar er det tre små private barnehagar som vil bli råka av forskrifta om at styrar si tid til administrasjon og leing skal kome i tillegg til norma for pedagogisk bemanning. I dag er styrar sin administrasjonsressurs med i pedagogbemanninga, slik at det ikkje treng vere ein pedagog på avdelinga når styrar har administrasjonstid. I praksis fører dette til at alle dei private barnehagane må tilsetje førskulelærar i minimum 20% stilling. Eit alternativ er å erstatte ein assistent med ein førskulelærar. Dette gjer det lettare å få nokon inn i stillinga. Alle barnehagane må auke lønskostnadene sine, og dette fører igjen til at det kommunale tilskotet må aukast. Det er ynskjeleg med ei tettare pedagogbemanning, men dette fører til auka kostnader. Når det gjeld samordna opptak vil kommunen få meirarbeid i høve til klagehandsaming dersom søkjar ikkje har fått sitt første ynskje innvilga.

Administrativt vedtak

Utval for oppvekst og omsorg vedtek å gje følgjande uttale til høyringa om forskrifter til barnehageleva:

§1. Fitjar kommune er positive til ei vidareføring av dagens bemanningsnorm. Men kommunen ser behovet for å auke pedagogtettleiken, dersom det vært lovfesta rett til barnehageplass. Dette bør evt. finansierast statleg for å heve og sikre kvaliteten i barnehagane.

§2. Dersom styrar si tid til administrasjon og leiing skal kome i tillegg til bemanningsnorma, vil dette føre til auka utgifter for kommunar med små barnehagar. Små barnehagar vil måtta tilsetje førskulelærar i tillegg til styrar for å oppfølgje norma, noko som igjen vil gje auka kommunalt tilskot etter forskrifta om likeverdig handsaming. Dette synest unødvendig, og bør vurderast endra. Dersom det likevel vert vedteke, bør det takast omsyn til ved tildeling av skjønsmidlane.

§3. Kommunane vil få meirarbeid til sakshandsaming i samband med klagerett og grunnleggjingsrett. Kommunen står som klageinstans og skal handsame klagen frå søkjarar til både private og kommunale barnehagar. Dette krev administrasjonsressurs med barnehagefagleg kompetanse på kommunenivå og vil gje auka kostnader for kommunane, som då må kompensast..

Saka er avgjort av:


Gro Skare Lien
Skulesjef

Saka er handsama administrativt etter fullmakt frå Rådmannen i følgje delegert mynde.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med Forvaltningslova sin § 29. Frist for klage er 3 veker frå når De mottok vedtaket. Eventuell klage vert stila til Fitjar kommune, , 5418 Fitjar.